



Møteinkalling

Utval: Fitjar sokneråd
Møtestad: Kyrkjestova
Dato: Torsdag 23.03.2023
Tid: Kl. 15.45 - 18.15
Ord for dagen: Olav

Forfall må meldast til kyrkjeverje: jaov@fitjar.kommune.no eller 90 19 70 69.

Karin Maria Korsvik møter som vara. Andre varamedlemer møter berre etter særskild innkalling.

Innkallinga er sendt til:

Svein Lunde	leiар
Anne Marie Røed	nestleiar
Sigrid Marie Fangel	skrivar
Tom Rydland	medlem
Wenche Andersen Helland	medlem
Herman Inge Aadland	medlem
Håkon Rydland Sæbø	medlem
Aase Rygg H. Nøttveit	medlem
Olav J. Oma	sokneprest
Sigurd Andre Maraas	kommunal representant
Jostein Skram	1. vara
Karin Maria Korsvik	2. vara
Magnor Tverderøy	3. vara
Hilda Gloppe	4. vara
Jan Ottar Wiik	5. vara
Svein Arne Theodorsen	vara for sokneprest
Jan Overweg	kyrkjeverje

Fitjar, 17.03.2023

Svein Lunde
soknerådsleiar

Jan Overweg
kyrkjeverje

Sakliste:

SAK	ARKIVKODE	TITTEL	KOMM REPR
2023/19	012.1	Godkjenning av innkalling og sakliste	x
2023/20	012.1	Godkjenning av møtereferat frå soknerådsmøte 16.02.2023	x
2023/21		Drøfting av arbeidet i diakoniutvalet – leiar og nestleiar i utvalet er invitert	
2023/22		Kort orientering frå kyrkjeverje om arbeidet i soknet	x
2023/23		Kyrkjevalet – godkjenning av listeforslag frå nominasjonskomiteen	
2023/24		Fitjarhelg på Solgry 27.-29. oktober	
2023/25		Oppfylging og implementering av strategiplanen	
2023/26		Frivilligfest 2023	
2023/27		Meldingar / open post	

Sak 2023/19 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste**Framlegg til vedtak:**

Innkalling og saklister er godkjent.

Sak 2023/20 012.1 Referat frå sist møte**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet stadfester referat frå møtet den 16.02.2023.

Sak 2023/21 Drøfting av arbeidet i diakoniutvalet – leiar og nestleiar i utvalet er invitert

Soknerådet ønskjer å invitere nemnd og utval til å presentera og drøfta arbeidet. Annbjørg Stjern Tvedt og Halvard Wiik møter for diakoniutvalet.

Sak 2023/22 Kort orientering frå kyrkjeverja om arbeidet i soknet

Kyrkjeverje legg fram ei kort orientering om arbeidet i soknet.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek orienteringa til vitande.

Sak 2023/23 Kyrkjevalet – godkjenning av listeforslag frå nominasjonskomiteen

Nominasjonskomiteen for kyrkjevalet har frist til 31.02.2023 kl.12.00 til å senda listeforslaget med prioritert rekkefølgje til soknerådet. Om lista vert levert før dette møtet i soknerådet vil ein freista å

vedta forslaget frå nominasjonskomiteen slik at arbeidet med førebuing av valet ikkje vert forseinka. Soknerådet bør setja seg inn i «Rettleiinga til nominasjonskomiteen» som er vedlagt innkallinga.

Framlegg til vedtak:

Fitjar soknerådet vedtek listeforslaget slik det vart lagt fram i møte.

Sak 2023/24 Fitjarhelg på Solgry 27.-29. oktober

Som i fjar er det eit initiativ for ei Fitjarhelg på Solgry i slutten av oktober. Målet er å samla folk til samvær på tvers av generasjonane og tilhørigheit. Eit arrangement i samarbeid mellom Fitjar indremisjon og Den norske kyrkja. Også for å forankra bruk av ressursar (prest og kyrkjelydspedagog) er det ønskjeleg med drøfting og vedtak i soknerådet.

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

Sak 2023/25 Oppfylging og implementering av strategiplanen

Oppfylging og implementering av den vedteke strategiplanen treng fornøya merksemrd. Med ny sokneprest er det naturleg å repetera litt av innhaldet i planen og forventningane som soknerådet har. Tom er utfordra til innleia til ei lita drøfting.

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

Sak 2023/26 Frivilligfest 2023

Arbeidsutvalet har forslag om «frivilligfest – for dei som har lyst til å vera frivillig» Forslag for dato er 15. juni – som er satt opp med siste soknerådsmøte før sommaren.

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

Sak 2022/27 Meldingar / open post

- Trusopplæring v/ Anne Marie
- Unge vaksne Stord v/ Olav
- Drop-in-dåp v/ Olav
- Prostidag hausten 2023 med biskopen og soknerådkurs
-